

Vekeplan 10. trinn

Veke 34 og 35

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	- Kjenna til og bruka sentrale fagomgrep om språk og språkleg variasjon - Utforska norske dialektar og reflektera over samanhengen mellom språk, stad og identitet - Kjenna til hovudtrekk i norsk språkhistorie og forklara bakgrunnen for bokmål og nynorsk
Engelsk	- Reading, writing and speaking about making choices - Using the future tense - Using writing strategies
Matematikk	- Rekning med ulike algebraiske uttrykk - Faktorisering av ulike algebraiske uttrykk - Faktorisering og forkorting
Utdanningsval	Kunna forklara fire sentrale omgrep
Samfunnsfag	Tema: Demokrati og medborgarskap - Repetera det politiske systemet i Noreg - Repetera internasjonal politikk og samarbeid - Repetera demokratiutviklinga i Noreg
KRLE	- Repetera det du lærte om Jesus, evangelia og Bibelen førre skuleåra - Repetera det du lærte om Paulus og korleis kristendommen voks fram og spreidde seg
Naturfag	- Forklara kva som er meint med forbrenningsreaksjonar og gi nokre døme på slike reaksjonar - Gjera greie for korleis organismar skaffar seg energi ved celleanding
Spansk	- Repetisjon av fjorårets tema: Blant anna fortid og framtidssetningar - Arbeida med bindeord og trekkja ein tekst betre saman - Spansk kultur: Cuba og Spania
Tysk	- Kunna snakka om ulike årstider - Kunna bøya verb og bruka substantiv og adjektiv
Eng fordj	Temaet: Crime and Justice. (v. 34-40) - laga tankekart og diskutera kvifor True Crime er interessant - snakka om alvorlege brotsverk og skilet mellom uskuldige pranks og kriminalitet, nye ord
Kunst og handverk	Oppgåve: Sjablong - Lære om street-art og nokre av dei mest kjende kunstnarane innan denne kunstforma. - Kunne plukke ut fem eigna bilete av nokon som utøver ein idrett eller aktivitet. - Kunne bearbeide tri av motiva i ein app, finne skuggar og redusere fargar. - Kunne skjere ut sjablongar. Kunne male/trykke motivet med svamp på kartong, med detaljar og skyggar som framhever aktiviteten. - Kan bruke reiskapar og utstyr slik ein får rettleiing om. - Kunne lage eit prosessnotat etter krava i oppgåva.

Arbeidslivsfag	• Planleggja, gjennomføra og vurdere arbeidsoppgåver på ein trygg og ansvarleg måte, og bruka relevante verktøy, utstyr og arbeidsmetodar • Samarbeida med andre, visa initiativ og ta ansvar for eigne arbeidsoppgåver i praktiske arbeidssituasjonar
Kroppsøving	Volleyball: • Trena på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar • Trena på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar/individuelle idrettar. Innsats: • Praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre • Prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra eigen fysisk kapasitet og samarbeid med andre
Musikk	• Musisera saman med andre • Kunna spela blues på tre akkordar på valt instrument
Kantine	• Vita kva vurderingskriteria for faget er • Planleggja dei praktiske øktene • Laga god og ernæringsriktig mat • Halda god hygiene • Jobba med rekneskap og plakatdesign • Gjennomføra sal Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøkter
Fysisk aktivitet	• Vera ein god lagspelar og gjera kvarandre gode • Kunna oppmuntra, inkludera og samarbeida godt med alle
Friluftsliv	• Planlegga og gjennomføra turar i nærområdet-kanopadling
Design/redesign	• kunna utarbeida idear og løysingsalternativ og vidareutvikle dei til eigne produkt
Trafikk	• Utforska trafikken i nærmiljøet og føreslå konkrete tiltak som kan gjera trafikken tryggare • Reflektera over og visa kva det inneber å ferdast trygt og ansvarleg i trafikken, og diskutera etiske utfordringar som kan oppstå
Olweus	- Inkludera alle i klassen og vera med på og laga eit godt klassemiljø

INFORMASJON TIL HEIMEN

Velkommen til nytt skuleår og 10. trinn! Me håper alle har hatt ein fin sommarferie, og at alle gler seg til skulestarten!

Bøker

Elevane har fått bøker i dei fleste faga i år. Det blir registrert kva boknummer eleven får, og slik har me oversikt over kven som låner kva for ei bok. Det er viktig at dokker legg bokbind på bøkene slik at me tar best mogleg vare på dei.

Timeplanar

Klassane sine timeplanar ligg på heimesida. Denne hausten vil elevane ha full timeplan, men frå veke 3 vil elevane få fri UTV-timen. Nye fag dette skuleåret er kunst og handverk, UTV og

symjing.

Mobilhotell

Me har ein mobilfri skule. Me oppfordrar elevane til å leggja mobilen igjen heime. Dei som har mobilen med seg, må levera den inn i mobilhotell på skulen (sjå ordensreglar som ligg på heimesida under "Brev og beskjedar").

Ny iPad

Elevane har fått heilt nye iPadar og deksel. Det er viktig at elevane tek godt vare på iPaden, og at deksel er like fint når det skal bli levert inn. Er dekselet grapsa til med tusj mm, må elevane erstatte dette ved skuleslutt. Hugs å lada iPaden heime kvar dag.

Ny foreldreapp

Det er nå ein ny app for foresatte: "Flyt Foresatt". Fint om alle kan sletta den gamle appen, og leggja til den nye. Med denne appen får og sendar du meldingar, varslar fråvær og får viktig informasjon. Les meir om dette på heimesida.

Kantina

Kantina opnar torsdag for sal av meieriprodukt. Måndag vil det vera sal av mat som vanleg. Elevane må derfor ta med seg matpakke i veke 34. Hugs å finna fram DiggiPay-kortet. Har du mista kortet, kan du kjøpa eit nytt i administrasjonen for 50 kr.

Foreldremøte

Det blir foreldremøte 15. september kl 18.00-19.30. Møtet startar med "Sterk og klar" og blir avslutta med med litt info av trinnleiar og samling i klassane med kontaktlærarane. Meir info om møtet kjem.

Heimesida

Informasjon om trinnet finn du på heimesida. Det kan vera lurt å abonnera på nyheiter, slik at du får varslingar når nye saker blir lagt ut.

Fotografering

Fotografen kjem på besøk 24.-26. august (måndag: 10C, tysdag: 10AB og onsdag: 10DE). Alle klassane skal ta gruppebilete, og alle elevane skal ta portrett. Desse bileta blir samla i ein skulekatalog som alle elevane får gratis på skulen. Dokker får i tillegg tilbod om å kjøpa fotopakker utanom direkte frå fotografen. Dette er valfritt.

Øving til munnleg eksamen

I veke 36 skal me starta med å øva oss til munnleg eksamen. Det vil vera ein miniversjon, der elevane får eit fag og eit tema på torsdagen. Dei vil få rettleiing med faglærar same dag, og så vil sjølvve prøven vera på fredagen. Elevane vil få meir info om dette. I februar/mars skal me øva ein gong til, der me har prøven over 3 dagar som det vil vera på eksamen.

Helsing oss på 10.trinn

PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR			
Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato
Spansk	Mini-samtale	Munnleg tilbakemelding	35 / torsdag
Engelsk 10A+10B	Lydfil individuelt på Teams	Munnleg tilbakemelding	35/ fredag

HEIMEARBEID VEKE 34	
Engelsk	How was your summer? Write a few sentences about how you have used the English language – either through talking to someone, watching a film/series or reading something. (Tiktok content does not count).
Spansk	Les høgt s. 8-9 i Gente textos. Les den 2 gonger.
Tysk	Les side 8 om årstidene. Du skal kunna seie noko om kva ein kan gjere om vinteren, om våren om sommaren og om hausten.
Eng.fordj	Les tekst s. 109 Move 3 (også på ON) og svar på spørsmålene etter teksten
Arbeidslivsfag	Sjå teams
Kroppsøving	Volleyball: Hugs å ta med gymklede og <u>sko</u> til å vera inne. Symjing: Partallsveker: D, A. Oddetallsveker: E, B, C.
Musikk	Øv på akkordane til blues heime om du ikkje heng med på progresjonen i timane. Sjå læringsvideoar på Teams/OneNote.
Kantine	Alle møter i 10D sitt klasserom. Vegard si gruppe går til kjøkkenet og lagar mat. Anne Marie si gruppe planlegg til neste gong.
Fysisk aktivitet	Frisbeegolf: Oppmøte i 10B (oppstartsinfo). Ta med gymklede og <u>sko</u> til å vera ute.
Friluftsliv	Møt i klasserommet.
Trafikk	Oppstart og bli kjend med faget.

HEIMEARBEID VEKE 35	
Norsk	Les 3 × 20 minutt i ei valfri bok. Du bestemmer sjølv korleis du fordeler lesinga, du kan til dømes lesa 60 minutt på éin dag. Etter lesinga skriv du ein kort leselogg der du: • skriv tittel og forfattar • skriv kva sidetal du starta og slutta på

	oppsummerer kort kva du har lese Leseloggen dokumenterer leseprogresjonen din, så hugs å levera han kvar veke.
Engelsk	10A+10B: Innlevering av lydfil til songtekstoppgåva innen fredag 28. august kl. 14:10.
Matte	Gjer oppgåve 1.101-1.104 s.6-7 i oppgåveboka. Viktige begrep: Faktor, faktorisering, forkorting, primtal og samansett tall
Utdanningsval	Innlevering på Teams/utdanningsval/oppgåver: Fire første omgrepa.
Samfunnsfag	Høyr oppdatert episoden om grensekaoset i Ceuta: https://radio.nrk.no/podkast/oppdatert/l_e9f7dd43-4c72-448d-b7dd-434c72748dcc Skriv ei oppsummering der du får fram kva konflikten handlar om.
KRLE	Svar med heile setningar. Bruk læreboka eller notata dine dersom du treng hjelp. 1. Kven var Jesus, og kvifor er han sentral i kristendommen? 2. Forklar forskjellen på Det gamle testamentet og Det nye testamentet. 3. Kven var Paulus, og kvifor vart han viktig for kristendommen? 4. Vel tre av fagomgrepa, og forklar dei med eigne ord: <i>evangelium – disippel – apostel – Messias – Guds rike – krossfesting – oppstode – misjonær</i>
Naturfag	Les s. 167-172 og svar på spørsmåla s. 172 Viktige omgrep: branntrekant, forbrenningsreaksjon, fullstending forbrenning og ufullstendig forbrenning
Spansk	Førebu deg til minisamtale på torsdag. Du skal kunne seie 3 setningar om kva du har gjort i sommerferien. Hugs å inkludere kor og med kven. Eit ekstra tips er også kvifor (porque)
Tysk	Lag fire ulike tankekart om dei fire årstidene. Skriv på alt du kan (Du kan bruke boka).
Eng fordj	Les tekst s.117, finn meir info om <i>Billy the kid</i> på nett for diskusjon i klassen.
Arbeidslivsfag	Sjå teams.
Kroppsøving	Volleyball: Hugs å ta med gymklede og <u>sko</u> til å vera inne. Symjing: Partallsveker: D, A. Oddetallsveker: E, B, C.
Musikk	Øv på akkordane til blues heime om du ikkje heng med på progresjonen i timane. Sjå læringsvideoar på Teams/OneNote.
Kantine	Anne Marie si gruppe lagar mat. Vegard si gruppe møter i 10D sitt klasserom.
Fysisk aktivitet	Frisbeegolf: Oppmøte i 10B. Ta med gymklede og <u>sko</u> til å vera ute.
Trafikk	Prosjekt «Min skuleveg»